

Orientering om bruk av ordfører sitt vedtaksmynde i hastesak om økonomisk stønad til VM-arrangement

Saksbehandlar:
Ingrid E. Tøsdal

Arkivsaksnr.:
26/7036

JournalpostID:
26/72109

Saksnr:	Utval:	Dato:
100/2026	Bjørnafjorden formannskap	03.09.2026
	Bjørnafjorden kommunestyre	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:
Kommunestyret tek saka til orientering.

Bjørnafjorden, den 09.07.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Vedlegg:

E-post frå ordførar til formannskapet 8 juli 2026 Handsaming av evt støtte Os Turn Fotball vedr VM-arrangement

E-post frå ordførar til formannskapet 9 juli 2026 med informasjon om vedtak fatta av ordføraren om støtte til VM-arrangement

Samandrag:

Kommunestyret blir orientert om at ordføraren i løpet av sommaren har nytta "hasteparagrafen" i saksbehandlingsreglane, §4.6 *Vedtaksmynde i hastesaker* i *Saksbehandlingsreglar for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2023-2027*, jf. Kommuneleova §11-8, til å fatta vedtak om kr 100 000 i tilskot til Os Turn Fotball sitt VM-arrangement Norge-England i Vognhallen 11. juli 2026, og kr 75 000 til ein søkbar pott for frivillige lag og organisasjonar som legg til rette for gratis familiearrangement knytt til Noreg sine kampar i fotball-VM.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Sjølv orienteringssaka har ikkje innverknad på kommunen sin økonomi. Vedtaket som saka informerer om fører til at formannskapet sitt disposisjonsfond blir redusert med inntil kr 175 000.

Klima: Orienteringssaka har ingen direkte konsekvensar for klima og miljø. Gjennomføringa av VM-arrangement vil kunne medføra klima- og miljøpåverknad knytt til transport, energibruk og ressursforbruk, men tiltak for meir berekraftige arrangement er opp til arrangørane sjølv.

Folkehelse: Orienteringssaka har ingen direkte konsekvensar for folkehelsa. Men vedtaket om støtte til VM-arrangement kan ha positive folkehelseverknader gjennom å leggja til rette for sosiale møteplassar og deltaking i frivillig arbeid. Arrangementa det har blitt gitt støtte til omfattar både gratis, alkoholfrie familiearrangement og eitt kommersielt arrangement med alkoholservering. Medan både familiearrangementa og Os turn sitt kommersielle arrangement kan bidra positivt til folkehelsa gjennom deltaking, aktivitet og fellesskap, kan alkoholserveringa ved det kommersielle arrangementet ha enkelte negative helse- og tryggleiksmessige sider. Samla sett blir folkehelseverknaden vurdert som overvegande positiv.

Saksutgreiing:

Søndag 5. juli gjekk Norge vidare til kvartfinalen i VM etter å ha slått Brasil 2-1. Det kom raskt oppmodingar om fellesvisningar av kvartfinalen, og kultursjef og ordførar var i dialog med ei rekke organisasjonar og innbyggjarar om mogelege fellesarrangement i kommunen for å visa Norge-England på storskjerm laurdag 11.juli.

I ein tidleg fase var Oseana kunst- og kultursenter aktuell, både for kommersielt arrangement og for ikkje-kommersielt arrangement. Det viste seg imidlertid krevande å få på plass alle element (storskjerm, teknisk support, lisensar, vakthald, bord/benkar m.m.) som skal til for å avvikla eit så stort arrangement på kort tid og midt i fellesferien.

Tidlegare under VM har ei rekke idrettslag arrangert ikkje-kommersiell visning av Norges kampar, og Os turn fotball arrangerte kommersiell visning i Vognhallen av Norge-Frankrike 26.juni.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

På kvelden måndag 6. juli vart det klart at Os turn fotball var innstilt på å ta ansvar for eit nytt kommersielt arrangement laurdag 11.juli for å visa Norge-England i Vognhallen. Os turn fotball har samarbeidspartnarar, erfaring og rigg for å gjennomføra eit slik arrangement.

Samstundes signaliserte fleire idrettslag og andre i krinsane at dei ville leggja til rette for lågterskel familiearrangement også knytt til Norge-England. I kommuneleiinga konkluderte ein med at denne miksen av arrangement i Vognhallen (kommersielt) og ute i krinsane (ikkje-kommersielle) var ein god modell, og ein gjekk ikkje vidare med arrangement t.d. i Oseana.

Onsdag 8. juli fekk Os turn fotball endeleg pristilbod frå TV2/Allente på lisens for å visa Norge-England. Etter forhandling hadde Os turn fotball fått prisen ned i kr 400 000 knytt til arrangement for 1000 personar i Vognhallen.

Sparebanken Norge ville sponsa arrangementet 11.juli med kr 150 000. I budsjettet for arrangementet la Os turn fotball til grunn at dei ville kunne dekkja om lag kr 150 000 av lisenskostnaden over arrangementet (billettinntekter, sal av drikke.). 8. juli mottok kommunen v/ordførar søknad frå Os turn fotball om støtte på kr 100 000 for å dekkja siste del av lisensen.

Det er ikkje avsett midlar til slik støtte i vedtatt kommunebudsjett for 2026, og ordførar si vurdering var at løysinga ville vera å løyva støtte frå Formannskapet sitt disposisjonsfond.

Ordføraren rådførte seg med formannskapet i e-post av 8. juli (sjå vedlegg) der han mellom anna skreiv

"Skal vi få handsama søknaden innan arrangementet finn stad har vi i praksis to alternativ;

1. Eit ekstraordinært formannskapsmøte som fjernmøte (Teams) torsdag eller seinast fredag morgon denne veka
2. At ordførar nyttar §4.6 Vedtaksmynde i hastesaker i **Saksbehandlingsreglar for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2023-2027**

I e-posten som vart send på ettermiddagen onsdag 8. juli opna ordføraren for at det kunne haldast fjernmøte torsdag eller fredag. Etter nærare vurderingar og vidare undersøkingar kom ordførar og fungerande kommunedirektør likevel fram til at det ikkje ville vera mogleg, eller tidsnok, å kalla inn til eit ekstraordinært formannskapsmøte: Årsakene til dette var både at det ikkje fanst politisk møtesekretariat tilgjengeleg grunna ferieavvikling i kommunen, og at saka hadde for høg hastegrad til at ein kunne venta med ei avklaring til seinare på torsdag eller i løpet av fredag. Arrangøren var avhengig av avklaring torsdag morgon for å få på plass lisens og andre førebuingar til arrangement som skulle finna stad allereie laurdag kveld.

I e-post av 9. juli (sjå vedlegg) orienterte ordføraren formannskapet difor om at han hadde fatta følgjande vedtak:

I medhald av §4.6 Vedtaksmynde i hastesaker i Saksbehandlingsreglar for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2023-2027, jf. Kommunelova §11-8, gjer ordførar slikt vedtak;

1. *Bjørnafjorden kommune løyver kr 100 000 i tilskot til Os Turn Fotball sitt VM-arrangement Norge-England i Vognhallen 11.juli.*
2. *Bjørnafjorden kommune løyver kr 75 000 til ein søkbar pott for frivillige lag og organisasjonar som legg til rette for gratis familiearrangement knytt til Norges kampar i fotball-VM.*
3. *Samla løyving kr 175 000 vert finansiert frå Formannskapets disposisjonsfond.*
4. *Vedtaket vert å referera i Bjørnafjorden formannskap sitt første møte.*

Straks etter vedtaket blei det lagt ut pressemelding på kommunen si nettside: [Bjørnafjorden kommune gir støtte til VM-arrangement - Bjørnafjorden kommune](https://bjornafjorden.kommune.no/siste-nytt/bjornafjorden-kommune-gir-stotte-til-vm-arrangement.48890.aspx) (<https://bjornafjorden.kommune.no/siste-nytt/bjornafjorden-kommune-gir-stotte-til-vm-arrangement.48890.aspx>)

Vedtaket blei òg omtalt i lokalmedia same formiddag.

I tillegg til søknaden frå Os turn fotball som var opphavet til saka, har det i etterkant av vedtaket kome inn søknader frå følgande lag og organisasjonar (storleik på innvilga stønad i parantes):

- Eikelandsfjorden idrettslag (kr 7 500,-)
- Lysefjorden ungdomslag (kr 7 500,-)
- Nesjaheimslaget (kr 7 500,-)
- NVIO Bjørnafjorden (kr 7 500,-)
- Nore Neset idrettslag (kr 31 645,-)

Totalt er det løyvd kr 61 645,- frå den søkbare potten på 75 000,-

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at vedtaket som vart gjort 9. juli ligg innanfor ordføraren sitt mynde og er i tråd med saksbehandlingsreglar for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2023-2027.

Reglementet slår fast:

§ 4.6 Vedtaksmunde i hastesaker

Kommunestyret har i delegeringsreglementet vedtatt at ordførar har mynde til å fatte vedtak i saker som skulle vore avgjort av eit anna organ, når det er nødvendig å fatte eit vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn det organet som skulle ha avgjort saka, jf. kommuneloven § 11-8. Ordførar skal rapportere til kommunestyret om korleis det delegerte myndet er nytta.

Kommunedirektøren meiner vilkåra for å nytta denne heimelen var oppfylte. Saka oppstod i ei tid då ordinært formannskapsmøte ikkje lét seg gjennomføra innanfor den tidsramma som var nødvendig for å få ei avklaring, eller med dei ressursane som var tilgjengelege i administrasjonen i den aktuelle veka. Ei utsetjing av avgjerda ville i praksis kunna føra til at arrangementet til Os turn fotball ikkje let seg gjennomføra slik det var planlagt.

Vidare var dette ein situasjon som ikkje kunne forutsjåast då formannskapet hadde sitt siste møte før sommaren. På det tidspunktet var det ikkje kjent at Norge ville ta seg vidare til kvartfinalen i VM, og det var difor heller ikkje mogleg å forutsjå behovet for fellesvisingar eller dei vesentlege kostnadene knytte til lisens for kommersiell vising. Behovet for ei rask avklaring oppstod som følgje av gledelege hendingar som låg utanfor kommunen sin kontroll og som utvikla seg over svært kort tid.

Kommunedirektøren vurderer derfor at bruk av hasteheimelen var både nødvendig og føremålstenleg for å sikra ei rask og forsvarleg behandling av saka. Vedtaket gjorde det mogleg å avklara kommunen si rolle innanfor dei tidsfristane som arrangørane måtte forholde seg til, samtidig som avgjerda blei fatta innanfor dei fullmaktene kommunestyret har delegert til ordføraren.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret tar saka til orientering.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

